

MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Fylkeshuset, Hermansverk, møterom Skåla
Møtedato	03.11.2015
Kl.	10:00 – 14:45

Faste medlemer til stades:

**Frank Willy Djuvik, Jorunn Ringstad, Klaus Iversen,
Lise-May Sæle**

Forfall til møtet:

Odd Atle Stegegjerdet

Varamedlemer til stades:

Frode Bøthun (gjekk inn som medlem i møtet)

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: **Einar Ulla**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte.

Fylkesrådmann Tore Eriksen, Ingvar Linde og Marianne Vara fra SF revisjon IKS, Arve Mjømen og Kari Norevik Fosdal var invitert til møtet for å gje det nye kontrollutvalet orienteringar.

Etter møtet var det utdeling av PC'er til utvalsmedlemmene som ikkje er medelmer i fylkestinget, Jorunn Ringstad, Klaus Iversen, Lise-May Sæle og Frode Bøthun med opplæring/innformasjon i bruk av PC'ane og IT-trygleik i fylkeskommunen.

The image shows four handwritten signatures in blue ink. From top to bottom: 1) Frank Willy Djuvik, 2) Jorunn Ringstad, 3) Lise-May Sæle, 4) Frode Bøthun. Below these is the signature of Einar Ulla, the secretary. The signatures are cursive and written in a single continuous line.

SAK 47/15 Orientering og drøfting 3. november 2015

Følgjande orienteringar og drøftingar vart gjennomførde i møtet

- Leiar i kontrollutvalet, Frank Willy Djuvik, ynskte alle velkomen til møtet og det nye utvalet.
- Ingvar Linde og Marianne Vara frå SF revisjon IKS orienterte om selskapet, finansiell revisjon og selskapskontroll. Det vart stilt spørsmål om habilitet når eit interkommunalt selskap skal revidere ei kommune/fylkeskommune der politikarar sit i styre og representantskap for selskapet. SF revisjon vil kome med ei orientering omkring denne problemstillinga i neste møte.
- Fylkesrådmanne Tore Eriksen orienterte om fylkeskommunen sin politiske og administrative organisering. I tillegg kom fylkesrådmannen med forslag til samarbeid mellom kontrollutvalet og administrasjonen i form av eit notat, der mellom anna rutinar ved bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt var tema.
- Kontrollsjefen orienterte om kontrollutvalet sitt ansvar og sine oppgåver i tillegg til rolleavklaringar mellom kontrollutval, politisk leiing, administrasjon, revisor og sekretariat.
- Arve Mjømen, leiar i kontrollutvalet 2011 – 2015, delte sine erfaringar frå kontrollutvalsarbeidet i førre perioden med det nye utvalet. Mjømen la mellom anna vekt på viktigheten av å få samrøystes vedtak frå utvalet.
- Kari Norevik Fosdal frå løn- og rekneskap var til stades for å orientere om framgangsmåten for å fylle ut reiserekningar.
- Kontrollsjef orienterte om opplæringsplanen for kontrollutvalet i tillegg til planlegging av arbeidet i utvalet.

Kontrollutvalet gjorde, etter at leiar hadde lagt fram, og KU hadde drøfta saka, følgjande samrøystes

VEDTAK

1. Kontrollutvalet sine medlemer møter på politikardagar på like vilkår som øvrige politikarar. Det vert gjennomført kontrollutvalsmøte dagen etter politikardagane.
2. 1. vararepresentant møter fast på kontrollutvalet sine møte 2015 – 2019. Det vert teke etterhald om budsjettmessige tilpasningar
3. Saka om Fjord1 AS skal opp i fylkesutvalet 4. november i lukka møte. Kontrollutvalet bør vere til stades når saken vert drøfta. Leiar i utvalet, og eventuelt kontrollsjefen, deltek i fylkesutvalsmøtet 4. november.
4. Resultat etter kvalitetskontrolen av SF revisjon IKS 2013 vert å sende til medlemmane.
5. Kontrollutvalsboka vert å sende til medlemmane elektronisk. Når oppdatert versjon vert klar frå departementet sendast trykt eksemplar av denne til medlemmane.
6. Tidlegare praksis med at nokre av kontrollutvalet sine møte vert lagt rundt omkring i fylket, vert vidareført

Møtebok Kontrollutvalet 03.11.2015

- Leiar i utvalet avslutta møtet med å takke alle som hadde møtt fram.
-